

Synspunkt høyringsnotat - Regulering av fangst av snøkrabbe 2025

Ervik Group, på vegner av Frøyanes AS, Stadt Havfiske og Vestkapp Fiskeriselskap har gått gjennom høyringsnotatet og har følgande synspunkt å komme med:

NFD har vedtatt å avsette 10 % av totalkvoten til ei ordning for levering av levande snøkrabbe. Fiskeridirektoratet legger til grunn at det er 10 % av totalkvoten etter at overfiske i 2024 er trekt frå, som også er den kvoten som det går fram av forskrifta. Dette vil innebære at avsetninga til ordning for levering av levande snøkrabbe vil utgjere 1 202 tonn i 2025.

Fiskeridirektoratet viser til pågåande prosess med fastsetting av forskings- og undervisningskvoter for 2025. Størrelsen på kvanta som blir sett av til undervisnings- og forskingsformål for 2025 er først kjent når endeleg forskrift fastsettast rett før årsskiftet. Ei eventuell avsetning til forskning og undervisning vil gå til frådrag på totalkvoten.

Svar: Vi har forståing for denne avsettinga, men meiner den bør evaluerast etter at ein får erfaringar frå 2025 sesongen, med tanke på overlevings-evne og dyrevelferd.

Fiskeridirektoratet ber om innspel på kva slags alternativ som vil vere mest hensiktsmessig i 2025.


Vidare bes det om innspel på størrelse på maksimalkvoter, og eventuelle garanterte kvoter.

Dersom alternativ III vert vald, bes det også om innspel på hensiktsmessig inndeling av lengdegruppene.

Svar: Vi meiner alternativ III er mest hensiktsmessig for å ivareta fartøya som har deltatt i pionerarbeidet og sikre arbeidarane føreseielege inntekter. Det bør komme meir konkrete fartøykvoter i framtida for å minske kappfiske og fokus på kvalitet samt sikkerheit. Differensieringa på maksimalkvoten og lengdeavgrensing synes vi er fornuftig som beskrive i høyringa ut frå fangstkapasitet til fartøya. Forslag III kan bidra mest til utvikling og innovasjon for framtidens snøkrabbefiske, noko som fartøyet Frøyanes er eit døme på.



Frøyanes er verdens første snøkrabbe båt med moonpool, der teiner blir drege gjennom eit hol midt i båten. Frøyanes vil med stoltheit vere eit symbol for den norske snøkrabbe-flåten verda over, der Noreg leiar an med innovasjon og nytenking. Dette hadde aldri vore mogleg utan olympisk fiske eller kvote regulert med fartøy lengde. Slik som alternativ 3.



Fiskeridirektoratet foreslår en påmeldingsordning der fartøy med snøkrabbe-løyve kan melde seg på/søke innan en gitt frist. Fristen vil bli kunngjort i forbindelse med fastsettelsen av forskrifta.

Svar: Påmeldingsdato med ein utsegningsdato bør være satt tidleg slik at ein veit at totalkvoten blir oppfisket innan fredingsperioda.

Det stilles krav om at fartøy som skal delta i ordninga er eigna og utrusta for handtering av levande snøkrabbe, og at fartøyet har ei leveringsavtale med eit mottak.

Svar: Dette stiller vi oss positiv til og ønsker klare retningslinjer for fartøya.

Fiskeridirektoratet ber om innspill på om det er behov for en refordelingsdato, og kva som eventuelt skal skje med refordelt kvantum.

Svar: Refordelingsdatoen bør komme så fort ein får oversikt over fiskeritempo og restkvote. Helst innan 15. mars.

Fiskeridirektøren ber om innspel på om ordninga skal omfattast av kvotefleksibilitetsordninga, det vil si at det kan forskotterast eller overførast inntil 10 % av ikkje-nytta kvantum til neste år.

Svar: Dersom totalkvoten blir oppfiska, ser vi ikkje nokon grunn til å innføre 10 % kvotefleksibilitet på fartøynivå.

Fiskeridirektoratet ber om høyringsinstansanes synspunkt på utviding av fredingsperioden til 31. desember.

Svar: Av erfaring har vi fisket snøkrabbe av god kvalitet i november og desember. Derfor deler vi ikkje synspunktet om å utvide fredingsperioden.

Fiskeridirektoratet foreslår at fangststart settast til 10. januar 2025.

Svar: Dette forslaget er vi ikkje einig i. Vi held fast på oppstart 1.januar no, men i framtida ønsker vi oppstart 1.desember.

Grunn nr.1: Ved tidleg oppstart (1.desember eller 1.januar) vil ikkje snøkrabbefiske og rekefiske kollidere med kvarandre, sidan begge opererer i same fiskefelt, og der begge aktørar er ei sårbar gruppe. Vi synest det blir feil med eit forslag om oppstart som oppfordrar til konflikt i vårt eige havområde.

Grunn nr.2: Erfaring viser at drivisen kjem til krabbefiskefeltet i starten av mars. Dette kan både gå ut over sikkerheita til mannskapet, og i tillegg føre til meir «spøkelse-fiske» dersom teinene blir fast under isen. Sesongen bør derfor avsluttast før denne drivisen kjem, noko som vil vere eit naturleg resultat av tidleg oppstart.

Grunn nr.3: Vi ønsker ikkje å forholde oss til kalenderår, men heller velgje det som er best for snøkrabbefiske i Noreg. Med oppstart 1.12 vil kvaliteten vere god i tillegg til at ein har mindre problem med drivis.

Grunn nr 4; I et markeds perspektiv vil det være fordelaktig å starte så tidlig som mulig slik at en får bedre tid på seg til å selge de Norske fangstene etter hvert som de kommer inn, men likevel i god tid før de starter det Canadiske fisket. Det gir en mer stabil tilførsel av snøkrabbe på verdensmarkedet gjennom hele året. Kommer de norske varene inn i markedet samtidig, og tett på Canadiske sesongen, så vil det være negativt for prisutviklingen.

Med venleg helsing



Robert Ervik,

CEO Ervik Group AS